

De' klogt aa sjaa paa live

Tone: Jeg vil din pris utsjunge

1) De' klogt aa sjaa paa live med aalvor for einkvar
me sjaa me er som sive, so straumar med seg drar
me freistast aa me snart aa lettleg kan forførast
inn i da vonda snørast, ein er 'kje meira kar

2) Du unge mann aa kvinna, vort letsin er 'kje bra
det yver os kan vinna, aa totalt os bedra
ein jamt vil væra kar, ein lyte finn hjaa hine
men lyte, mine, dine, me verta ikkje var

3) Det er 'kje uti leiking, ei heller i kalas
ei heller uti preiking, aa ei i gull aa stas
me finna fre aa ro, men uti stri aa trengsel
daa vakna hug aa lengsel, so trøytt ein finn seg no

4) So altfor jamt ein tura, ein gjer seg altfor stor
den vonde kan os lura, i gjerdsla aa i ord
ein altfor seint forstår, at ein tilslutt kan tapa
aa utom vegen rapa, faar mange vonde saar

5) Meir burt fraa heilagdomen ein kjeme gong paa gong
aa større skullesummen, aa so ein pinleg trong
betalast kvar ein kvitt, den kjem, den kjem den tia
al misgjerd surt vil svia, vor Herre han krev sitt

6) Du unge mann aa kvinna, du gamle likaso
skal me Guds sæla vinna, aa finna ævleg ro
me maa i Jesu blo, faa all vor synd utsletta
aa vore vegar retta, i Jesu fotespor